

Bømlo kommune

Leirdalen 1

4330 Bremnes

28. 12. 2023

**Ref. eideom 110/55-158. Detaljreguleringsplan Naustområde, Andahavet og Langøy (100/270 og 110/22, planid 201810)**

**Motsvar til planforslag.**

Etter gjennomsyn av forslag til ny reguleringsplan for Andahavet, med høyringsfrist

03.01.24, vil eigarar av eideom 110/55 (Havnetangen 1) samt 110/158 (Havnetangen 4), motsette seg forslaget om at desse tomtene blir omgjort til naturområde. Dette berører eigars eideom, som i sin heilhet består av allereie tinglyste og godkjente skjøte som nausttomter. Området har vore i bruk til naust og næring sidan 50-60 talet.

Nausttomtene (på 110/55 ) er 100% opparbeidd og består av fyllmasse, mellom anna ein molo og båtopptrekk. Området er dagleg i bruk i tilknytting til leidgetakarane av næringsbygg og kai på området.

Eideommen er den ein av dei eldste naustomtene på Langøya (Havnetangen 1) og blei oppretta av Langøen Notlag som bygde eit større naust på tomتا for drift av fiskeri. Dette naustet blei tatt av storm for ei tid tilbake, men noko av grunnmur/pilarer står fortsatt igjen.

Me kjøpte heile næringseideommen sommaren 2023 og har så vidt komme i gang med planlegginga av vidare utvikling. Eideommen har eit stort potensiale og på sikt kan denne utviklast til å komme både fastbuande og turistar til gode.

Nausttomt (110/55) vart godkjent tinglyst frå Langøen Notlag i november 2023.

Planen har vore å bygge naust i dette området.–Området er også brukt til båtopptrekk og fortøyning som ein del av næringseideommen og om heile dette området blir gjort om til naturområde vil det seie at vidare utvikling av næringen vår blir sterkt begrensa.

Ferringelsen av eiendommen er betydeleg og vil redusere verdien merkbart og me vil med dette protestere på det sterke. Dette forslaget er komme utan at eigar av Langøen Notlag eller ny eigar har fått noko informasjon om at dette er planlagt om til naturområde.

Om planen går gjennom slik den er føreslått vil det berøre tomta og alle vidare planar i framtida svært negativt. Det vil bety at næringseigedommen kun vil bestå av bygget som står i dag og kai. Eigedommen i sin heilhet er opparbeidd og planert så kva hensikt ein del av eit parkeringsområde skal ha som grøntområde er vanskeleg for oss å forstå.

Nausttomtene på eigedommene til Langøen Brygge AS , tomter som har vore godkjende til naust sidan 50-talet, blir gjort om til naturområde og blågrønnstruktur, slik at eigar ikkje sit igjen med nokre av dei opprinnelege, og einaste tilgjengelege nausttomtene. Samstundes får andre oppretta nye tomter.

Utsnitt av plankart fra 2020 viser att 110/55 ikkje var teikna inn som naturområde på dette tidspunktet.

Allereie godkjente nausttomter med historisk rett blir i planen omgjort til grønne områder samstundes som nye blir godkjent, dette er noko me stiller spørsmål ved og det er difor me no reagerer.

Me oppmodar på det sterke om at:

- Tomt 110/55 blir fjerna frå GN1 og opprettheld sin opprinnelege status som naustområde.
- Deler av tomt 110/158 blir fjerna frå GBG5 slik at denne delen av området kan nyttast til naust knytt opp til turisme på Hengjo.

Me er fjerde generasjons eigarar som no vil utvikle og ta historia vidare. Dette er eit område og ein næringseigedom som byggjer på lange tradisjonar, med å ta vare på denne og vidareføre den, vil ein ta vare på den dyrbare kystkulturen, samstundes som at ein kan byggje opp noko som er bærekraftig både for lokalsamfunnet, kommunen og Bømlo som turistdestinasjon.

Me vil igjen understreke potensialet i eigedommen, og med at Hengjo og næringseigedommen har same eigarar, som det no er, vil utvikling av området kunne bety mykje for Bømlo i framtida. Også utover turisme.

Me håpar og trur at de har forståelse for vår situasjon og grunnen til at me reagerer, då dette kom heilt uventa i ein planleggingsfase for vidare utvikling av eigedommene.

Om planen går gjennom vil dette ikkje vitne om ein ja kommune i forhold til grunderskap og bærekraftig utvikling for folk som prøver å skape noko og bygge vidare på historia som ligg i vår eiga bygd.

Me håpar på ein god dialog vidare og inviterer Utval for areal og samferdsle til å komme ut på synfaring slik at me betre kan vise kva potensial som ligg i denne unike næringseigedommen om nausttomtene får stå slik dei er teikna inn i opprinnelege planar.

Helsing

Stian Alvsvåg og Vidar M.Alvsvåg

Eigarar av 110/55 og 110/158

Magne Alvsvåg, tidlegare eigar av Langøen Notlag

*Langøy- Alvsvåg, 28.12.2023*